



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
13.02.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2016/8749 330
Dykkar referanse

Kommuneliste

Tilskot til kommunalt vedlikehald på Sørlandet og Vestlandet

Stortinget vedtok 17.juni 2016 ved handsaminga av Revidert nasjonalbudsjett 2016 eit øyremerkt tilskot til kommunar på Sørlandet og Vestlandet på kr. 400 mill. til vedlikehald og rehabilitering av vegar, bygg og anlegg som er eigd av kommunen eller kommunalt føretak. Tilskotet er gitt til kommunar med høgare arbeidsløyse enn landsgjennomsnittet.

Det blir vist til rundskriv H - 8/16 av 24.juni 2016 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) for nærare informasjon og kriterium for vedlikehaldstilskotet. Det er for 2016 fordelt til saman om lag kr. 66,4 mill. til kommunar i Hordaland.

Fylkesmannen vil be kommunen i ei tilbakemelding gjere kortfatta greie for korleis tilskotet er brukt.

I tillegg må det bli opplyst om føremålet (KOSTRA - funksjon) og år (utgiftsført i 2016 eller sett av på bunden fond per 01.01.2017, eventuelt ikkje brukt i samsvar med kriteria) for bruken av tilskotet. Vi legg ved eit eige skjema for dette og ber kommunen fylle ut beløp i tilbakemeldinga.

Revisor skal attestera at tilskotet er blitt brukt i samsvar med kriteria, jf. rundskriv H - 8/16, eventuelt også opplysa kor stort beløp som må bli tilbakebetalt. Revisorattestasjon må følgje med tilbakemeldinga frå kommunen.

For kommunar der tilskotet utgjer mindre enn kr. 500.000,-, er det ikkje krav om revisorattestasjon.

Fylkesmannen ber om tilbakemelding frå kommunen innan fredag 03. mars d.å.

KMD har i rundskriv H - 2391 av 10.februar d.å. informert om vedlikehaldstilskotet for 2017.

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Vedlegg: Skjema vedlikehaldstilskot 2016

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.